

Kven er Pippip og Ina?

Pippip Ferner og “Plastic Revisited”

Med ei blanding av fakta og underfundig humor brukar Pippip kunsten til å formidle kjærleiken sin til havets mysterium. Prosjektet Plastic Revisited rettar søkelyset på marin plastforsøpling. Prosjektet består av små og store vevde og strikka installasjonar av funnet plast. Plasten kjem frå avslitte deler frå presenningar, plastsekker, plast frå byggeindustri, rundballplast, palleplast, fiskerelatert tau, fiskegarn mm. Same materiale som går igjen i fuglereira på Runde. I år var Pippip finalist til Gullklypa – Hold Norge Rent sin pris for eldsjeler/organisasjonar som gjer ein ekstraordinær innsats for eit ryddig lokalmiljø.



Ina Giske og Sjøhesten Hippo

Ina er initiativtakar til organisasjonen Plastfritt Hav, som har skapt stort engasjement rundt plastrydding i Giske Kommune. Plastfritt Hav var også finalist til Gullklypa i år! Ina var styreleiar i Plastfritt Hav frå oppstarten i mars 2017 til januar 2020. Då starta ho opp eige føretak saman med Børge Sandnes, Happy Ocean Studios, som skal jobbe med haldningsskapande arbeid inn mot marin forsøpling med særleg fokus på barn og unge. Sjøhesten Hippo ønskjer å vere den nye miljøhelten i havet og bidra til at vi både ryddar, men viktigast av alt, sluttar å tilføre plast i havet!

